



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 09/21

Møtedato: 12.05.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandler: Kenneth Monsen

Prinsipp om VA anlegg på støl - delegert myndighet til administrasjonen

Det er ein god del søknader om innlegging av vatn og avløpsanlegg (VA-anlegg) på stølar. I sak 33/2016 vart det gjeve følgjande merknad til dette tema for hytter i statsallmenninga:

Både borehol og infiltrasjonsanlegg er plassert innanfor normal storleik for festetomt og skal ikkje behandlast av fjellstyret jf. vedtak 54/2006: Infiltrasjon blir fagleg vurdert av kommunen og fjellstyret ser ingen grunn til å uttale seg til dette så lenge dette ikkje er til ulykke for andre interesser. Fjellstyret ser heller ikkje grunn til å skulle uttale seg til etablering av borehol når dette er inne på tomta.

Det at fjellstyret ikkje skulle uttale seg til slike saker vart stadfesta av vedtak 33/2016:

Fjellstyret vil presisere at vedtak i sak 54/06 er avgrensa til tiltak innanfor festetomt og at søknad om tiltak utanfor tomtgrense må sendast fjellstyret til uttale.

Saka no dreier seg om Fjellstyret ynskjer å likstille stølar med hytter når det gjeld etablering av VA-anlegg.

Ei ulykke som er meir knytt til stølar ved slik etablering av VA-anlegg er at ein støl har som regel mykje meir areal tilknytta stølsvollen, og kan derfor dra dette VA-anlegget mykje lenger unna tunet. Det kunne ha blitt eit problem i dei tilfelle at t.d. stølen fell i det fri, og ein ynskjer å tildele stølsjordet til nokon andre. Då kunne det teoretisk vore ei ulykke å ha eit infiltrasjonsanlegg langt unna som legg beslag på mykje areal. Dette kan enkelt løysas med at i slike tilfelle der VA-anlegget ikkje vert plassert naturleg nærliggande tunet, skal slik saker fremjast for fjellstyre og ikkje handsamast som delegert vedtak.

Ut over dette, kan ikkje administrasjonen sjå nokon større utfordringar knytt til dette tema. Det vil vere kommunen/ansvarleg sokjar som vil vere fagleg ansvarleg for utforming/plassering av VA-anlegget.

Med moglegheit for delegert vedtak vil ein raskare kunne svare på slike søknader, og det er ein trend med å etablere VA-anlegg når fleire får lagt inn straum.

Framlegg til vedtak

Administrasjonen delegereres myndighet til å gje uttale om VA-anlegg på stølar for «kurante saker».

Vedtak

Administrasjonen delegereres myndighet til å gje uttale om VA-anlegg på stølar for «kurante saker».

Generelle reglar om fjellstyrevedtak:

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 14.05.21

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Statskog